

<b>PBL-oppgåve 5. semester</b>
<b>Semesterveke 7</b>

## PBL OPPGÅVE "POLYMER"

Du har ein ny pasient som klagar over ising i ein 1. molar. Han har vore hos ein annan tannlege for 2 år sidan og fått lagt inn denne fyllinga. Pasienten vil ikkje tilbake til denne tannlege då han kjennar seg utrygg på kvaliteten av behandlinga som er gjeven. Ved undersøking finner du ein tannfarga 2. klasse fylling i 16 (MOD), Ved sondering av fyllingskantane synast du at fyllinga verkar mjuk og kanskje litt laus.

1. Kva kan ha skjedd og korleis kunne dette vore unngått.
2. Korleis forandrar den mekaniske styrken til ein polymer dersom molekylvekta aukar? Teikn eit spenning-belastningsdiagram for å illustrere dette.
3. Kva er krysskoblingar og kva er fordel og ulemper med polymerar med høg fornetningsgrad/ krysskoblingsgrad?

Ved fjerning av den gamle tannfarga fyllinga finn du ein infraksjon i den bukkale kuspén. Du forslår derfor å erstatte fyllinga med eit innlegg som dekkjer den bukkale kuspén slik at kuspefraktur kan hindrast. Pasienten er einig og du preparer for eit komplisert keramisk innlegg.

### Spørsmål til gruppe 1:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *alginat (Vival EF)* som avtrykksmaterial. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

### Spørsmål til gruppe 2:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *polyeter (3M Espe® impregum™)* som avtrykksmaterial. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

### Spørsmål til gruppe 3:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *kondensasjonsilikon (Optosil Comfort, Heraeus Kulzer)* som avtrykksmaterial. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?

### Spørsmål til gruppe 4:

Kåre, ein eldre tannlege på klinikken, anbefaler deg å bruke *vinyl polysiloxane (Extrude®, Kerr)* som avtrykksmaterial. Skriv ned argument for om du vil fylgje hans råd eller ei. Visst du ikkje velgjer dette avtrykksmaterialet, kva vil du i så fall velje og kvifor? Kva slags avtrykksmateriale ville du ha valt i staden og kvifor?